



Ein nasjonal skatt ligg open for deg som ser interesse og utfordring i den unike norrøne historia til Hundorp, Dale-Gudbrands gard.

Ein ubrukt nasjonal skatt



*Til Erling
for Gunnar
2.6.93*

HUNDORP *Dale-Gudbrands gard*

2647 HUNDORP

TLF 61 29 60 00

FAX 61 29 67 22


Ein ubrukt nasjonal skatt

HUNDORP *Dale-Gudbrands gard*

Skriwargarden frå hagen



Stabburet



"Snu dykk no og sjå mot aust;
der fer no vår gud med mykje ljøs"

(Frå Snorre: Soga om Olav den heilage." kap. 113)



Innhald

Bilde frå Hundorp	side 2
Innhald	side 5
<i>Ein ubrukt nasjonal skatt</i>	
Reisefagleg, historisk og kulturell innfallsvinkel	side 6
Utklipp: Leiar frå Dagningen 12.5.92.	side 8
Utklipp: "Den gamle garden- eit nytt kultursenter" Dagningen 23.11.92	side 9
<i>Hundorp, eit kulturhistorisk monument i Gudbrandsdalen</i>	
Fylkesarkeolog Harald Jacobsen	side 10
Fylkeskonservator Arnfinn Engen	side 10
Kva er sagt om Hundorp, Dale-Gudbrands gard?	side 11
Historisk registrering 1949 av A. Skjølvold: Skisse over gravhaugane	side 12
Funn frå Hundorp	side 13
Frå Snorres kongesoger	side 14
Gudbrandsdalens Folkehøgskule	side 19
<i>Hundorp, Dale-Gudbrands gard</i>	
Marknad	side 20
Mål for Hundorp, Dale-Gudbrands gard	side 21
KULTURDEL	side 22
NÆRINGSDEL	side 23
Framdrift	side 23
Bruksplan	side 24
Vedtak i Sør-Fron kommunestyre	side 24
Sysselsetjing	side 24
Nybygg og rehabiliteringsplan	side 25
Budsjett, investering og drift	side 26
Langtidsbudsjett	side 27
Finansiering	side 27
<i>Tinghuset</i>	
Teknisk spesifikasjon/byggjeteikningar	side 28

Reisefagleg, historisk og kulturell innfallsvinkel

Hundorp, Dale-Gudbrands gard, har ein framskoten plass i norsk historie.

Eit rikt kulturlandskap frå vikingtida i ein storslagen natur er ramma for eit nasjonalt kulturhistorisk senter med mange opplevingselement.



Den gamle pilgrimsvegen går også gjennom området

TINGHUSET

Kurs-, møte-, og seminarstad.
Overnattings- og serveringsbedrift.
Servering av norsk tradisjonsmat. Alle fasilitetar.

NORRØNT OPPLEVINGSSENTER

Gravhaugar, oldsaksfunn, gravskikkar, klubbeslaget, kristningsverket og år 1021, vikingkulturen, kulturlandskap med historiske minnesmerke, vi går inn i ein gravhaug frå vikingtida, ei innlandsbygd rundt år 1000, kristningsverket i Norge, museum.

KULTURSENTER


Eit kulturelt senter for Norge og Gudbrandsdalen.
Temporære utstillingar og galleri. Konsertar og folkemusikkarkiv. Folkehøgskulehistoria.
Pedagogisk tilbod til skular, reiseliv og andre målgrupper. Kunsthandverk med rot i historia.

Ein nasjonal skatt ligg open for deg som ser interesse og utfordring i den unike norrøne historia til Hundorp, Dale-Gudbrands gard. Ønskjer du orientering utover denne brosjyren, kan du kontakte Stiftinga Hundorp, Dale-Gudbrands gard v/ ordførar Torstein Rudihagen, 2647 Hundorp, tlf 61 29 60 00

G. Stauri 1928

Nye historiske minnesmerker paa Hundorp.

For Dale-Gudbrand og Harald Haardraade.



Støtten for Dale-Gudbrand.


Vi bringer her bilder av 2 bautastener som R. Sturi nylig har reist i hagen paa Hundorp, en for høvdingen for de første nybyggere i dalen, Dale-Gudbrand — midt i haven — og en for kong Harald Haardraade — nær den gamle tingplads, hvor Harald fik kongsnavn av sin frende Steigar-Tore i 1046.

Gudbrandsdalens Historielag har kostet et pent og solid gjerde omkring Gudbrandsdhaugen med Olavs-støtten. Arbeidet hermed er besørget utført av Stauri og Even Sveipe efter opdrag av historielaget.

Som før meddelt skal «Norden»

holde et stort litterært stevne paa folkehøiskolen i juli—august med deltagere fra 5 land (Norge, Sverige, Danmark, Finland og Island). De vil da faa et levende indtryk av, at de her er paa gammel, historisk grund og at man ogsaa i vort land holder de historiske minder i ære saadan som det høver sig for et frit folk med en stor historisk fortid.

Rasmus Stauri har lovet at sende os med det første en kort historisk fremstilling av Gudbrandsdalens ældste historie, tiden før aar 1000, altsaa før den Dale-Gudbrand som levet samtidig med Olav den hellige.



Støtten for Harald Haardraade.

LEDER OG KOMMENTAR



Hundorp - hvilken hemmelighet!

■ Norge, Trøndelag og Verdal har Stiklestad. Norge, Gudbrandsdalen og Sør-Fron har Dalegudbrands gard på Hundorp. De to bygdene var helt sentrale åsteder i en beinhard strid mellom datidens mektigste menn og slekter om politisk, økonomisk og åndelig makt på begynnelsen av 1000-tallet. Både på Stiklestad og på Hundorp skjedde det dramatiske hendelser, som fikk avgjørende betydning for landets videre skjebne. Den samfunnspolitiske kraften i det som skjedde kommer klart til uttrykk i det faktum at snart tusen år senere er Stiklestad et nasjonalsymbol, et pulserende kultursentrum og et meget ettertraktet reise- og opplevelsesmål. Dalegudbrands gard på Hundorp, derimot, har ligget der, rett ved kongeriketets hovedvei, som en av vår tids best gjemte historiske skatter. Dette gjelder ikke minst etter at folkehøgskolen stengte. Det er ikke mer enn et par år siden kulturbevisste krefter i bygda og en trønder med nær tilknytning til nettopp Stiklestad for alvor begynte å «grave opp skatten». I fjor sommer ble stedet tatt i bruk igjen ved at gardens og bygdas mektige norrøne historie ble satt i sentrum for utstillinger, omvisninger, teaterforestillinger, kurs mm.

måneden skal ta stilling til en plan om å bygge opp igjen den gamle folkehøgskole-bygningen som brant ned i 1987. Dette vil koste 5,2 millioner kroner. Hvorav brannforsikringen dekker 3,5 millioner kroner. Bygningen er skal romme 30 sengeplasser og kjøkken. Dette vil gjøre det mulig å utvikle Dalegudbrands gard til et sted hvor både leg og lærd vil kunne få kunnskap og opplevelser om vår norrøne historie på et autentisk historisk sted.

■ I helgen oppsøkte et femtitalles mennesker med vidt forskjellig bakgrunn Hundorp, som en del av et seminar på Nansenskolen. Samtlige var imponert over hva de hørte og så, under fylkeskonservator Harald Jacobsens omvandrende forelesning på garden. De var også storlig forundret over at frøninger og gudbrandsdøler og nordmenn hadde kulturell råd til å holde et slikt sted så godt skjult. Universitetsfolk jublet over mulighetene til å legge studentkurs til garden. Legfolk vil tilbake som turister for å oppleve mer av gardens historie. Men mange snakket alvorlig om hvor lett det vil være å ødelegge stedet.

■ Spørsmålet politikere i Sør-Fron skal ta stilling til allerede neste uke er følgende: Hva skal det bli til

med Dalegudbrands gard, som rommer det mest monumentale forminnelsesområdet i Gudbrandsdalen med et halvt dusin uåpnede gravhauger fra tusentallet? Skal en eller annen kake få lov til å stenge grinda til en gard i en bygd i et distrikt som rommer så mektige kapitler i vårt folks historie? Eller skal stedet overlates helt til «det frie reiselivs krefter»? Eller skal Dalegudbrands gard varsomt og kyndig utvikles til et lokalt, regionalt og nasjonalt kultursenter, som både lokalbefolkning, turister og fagfolk oppsøker for å lære og oppleve?

■ Politikere i Sør-Fron sitter med hovedansvaret, ettersom kommunen eier og skal forvalte bygdafolkets felles interesser og verdier. Men det betyr ikke at Sør-Fron kommune alene bør betale regningen. Fylkeskommunens kulturretat bør straks oppsøke stedet for å gjøre seg opp en mening om hvordan fylkeskommunen kan gå inn i dette uhyre viktige prosjektet. Også staten ved Kulturråd og kulturdepartement må inn i utviklingen av Dalegudbrands gard.

■ I gårstagens utgave av Dagningen kunne vi fortelle våre lesere at politikere i Sør-Fron senere denne

DAGNINGEN

Sjefredaktør
Reidar Nielsen

Redaktør Ingar Sletten Kolloen
Redaksjonssjef Kjell Vassbotten

Disponent
Odd Dlsen

PERSPEKTIV

Eit geografisk møtepunkt mellom heidensk og kristen tid, rein urørt natur, eit blomstrande lokalt kulturliv og ein god porsjon entusiasme. Hundorp, Dale-Gudbrands gard, skal bli eit lokalt, regionalt og nasjonalt kultursenter. Dagningen-Perspektiv har vore arena for eit ordsifte om korleis delar av prosjektet har vore drive fram. Vel så interessant for dei fleste, er det vel kva ein i framtida kan få ut av staden. I dag ser Dagningens redaktør for dalen-journalistene, Jostein Hernæs, nærmare på kva dei som styrer prosjektet i dag trur dei kan få til.



Dale-Gudbrands gard på Hundorp. (Foto: Yngve Nygård)

Den gamle garden - eit nytt kultursenter

Styringsgruppa som arbeider med utviklinga av Hundorp, Dale-Gudbrands gard, legg lista høgt. Garden har ein ei-

nestående posisjon i eldre norsk historie. Nå skal det skapast ei framtid som bygger på ei svært spennande fortid.

Av JOSTEIN HERNÆS

Det er den gamle garden sin plass i historia som er sjølve fundamentet for den framtidige utviklinga av Dale-Gudbrands gard. Garden var sete for ei mektig herseatt i fleire hundre år, og det lange dalføret fekk namn etter ein av småkongane på Hundorp.

I dette området finn vi det største forminnelsesfeltet i noko dalføre på Austlandet. Eit sett av historiske element gjer Hundorp til noko særskilt. Staden har og ei moderne historie som er interessant. På 1800-talet vart det drive handel på garden. Siste halvdel av dette århundret vart garden sete for soren-skrivaren, og det meste av vårt århundre har garden vore ein viktig del av norsk folkehøgskule-historie.

med vandringar i forminnelsesområdet på Hundorp og i andre delar av bygda. I arbeidet med Hundorp, har styringsgruppa også sett det viktige i ikkje å gløyme andre delar av bygda som kan settast inn i eit større heile. Viktige moment i ein større samanheng, er den historia som Ryssland og Steig fortel.

«Ei breiare historie»

Styringsgruppa ser og for seg at staden skal fortelja sitt om den nyare delen av historia som er knytt til området. Dalføret har vore eit pionerområde innan folkehøgskulerørsla, og dette ønskjer ein og å synleggjere.

Det finnst att mange minne frå folkehøgskuletida. Mellom anna omfattar dette ei stor boksamling etter Rasmus Stauri og annan viktig dokumentasjon. Styringsgruppa ser for seg eit tidstypisk skulerom med inventar og materiell frå tida rundt siste århundreskiftet.

Det verkar som det er viktig for styringsgruppa å gjere dette senteret til ei kraft i det lokale kulturlivet. Eigne kunstutstillingar, folkemusikksamlinga for midt- og spårdalen, ein kommunal musikkule med vekt på folkemusikk, kunsthandverkjarar i arbeid... Dette er stikkord som gir eit bilde av dei tankane dei har gjort seg. Dei ønskjer at anlegget ved sidan av å vera ein magnet som dreg folk til bygda, også skal vera ein møtestad for bygdafolket.

«Overnatting og oppleving»

Hovudlinene i det utkastet som styringsgruppa for garden nå legg fram, byggjer i stor grad på dei tankane for staden som er velkjende frå fleire reportasjar i Dagningen. Idear er vidareutvikla, og ein har komme til fasa da tiltak skal gjennomførast. Eit norrønt senter skal vera hovudattraksjonen. Ein tenkjer seg mellom anna ei samling av forminne frå regionen, samt utstillingar og temapresentasjonar med utgangspunkt i mytologien. Dei ser og for seg ei førestillingsverd som peikar framover i tid. Utstillingsdelen vil synleggjere regionen i krysningspunktet mellom heidensk og kristen tid omkring første årtusenskifte.

Ein slik museumsdel er tenkt som ein slags sentrumsfunksjon i ei pedagogisk løype, mellom anna

Hundorp, Dale-Gudbrands gard, er avhengig av ei kommersiell satsing. I løpet av kort tid, må anlegget stå på egne bein økonomisk. Bygget som er under oppføring, vil innehalde element som gjer det eigna til å ta imot overnattingsgjestar.

Styringsgruppa har ambisjonar når det gjeld kombinerings av kulturdelen og den kommersielle delen av garden. Med vidaregåande skular som målgruppe, kan ein tenkje seg pedagogisk tilrettelagte opphald tilpassa både norskfaget og historie-faget. Den kan utviklast påkjer bestående av undervisning, opphald, ekskursjonar og opplevingar innanfor eit felt Hundorp er fleine om. Ein kan og sjå for seg liknande opplegg for høgskular.

Det blir og peikt på at ein med dette som base kan drive undervisning innanfor andre fag.

Ei satsing på eit opplegg på dette feltet, kan skje samtidig med at ein satsar meir generelt på turisme. Kulturdelen av ei utvikling på Hundorp, vil kunne nyttast av andre turistbedrifter i området. Ei utbygging av overnattingsskapitet må baserast på turisttrafikk i turistse-sonen. I tillegg til mogleghetene ein seg når det gjeld skulevesen, kan styringsgruppa og tenkje seg at anlegget utanom sesong blir «seld» som ferie- eller kursstad for næringslivet.

Det er avgjerande at anlegget på Hundorp økonomisk kan stå på egne bein etter kort tid. Styringsgruppa har tatt på seg ei stor utfordring. Samtidig forvaltar dei kvalitetar som skulle gi området eit stort potensial.



Hundorp, eit kulturhistorisk monument i Gudbrandsdalen

HUNDORP, ET KULTURHISTORISK MONUMENT I GUDBRANDSDALEN

av fylkesarkeolog Harald Jacobsen

Fornminnene

På Hundorp ligger **det mest monumentale fornminneområdet i Gudbrandsdalen.**

I dag består feltet av 8 gravhauger og en kvadratisk steinsetting.

I 1775 var det bevart 12 gravhauger, en sirkelrund steinsetting, en bautasirkel og en kvadratisk bautainnhegning.

Ikke bare de bevarte fornminnene viser at Hundorp har vært et sentrum i Gudbrandsdalen. I alt er det i de siste 200 år gjort 3-4 gravfunn på stedet. Alle gravfunnene er fra vikingtid, 800 til 1050 e.Kr. Historien til Hundorp går minst 4000 år bakover i tid. På gården er funnet en flintdolke.

Hundorp, Dale-Gudbrands Gard Antikvarisk og kulturhistorisk verdi

av fylkeskonservator Arnfinn Engen.

Det gamle høvdingsetet og kultursenteret Hundorp gard står på mange måter sentralt i Gudbrandsdalens historie, og er av stor historisk og antikvarisk verdi sett ut frå fleire synspunkt.

Etter Snorre var garden i samlings- og kristningstida her i landet eit politisk og kulturelt sentrum for Gudbrandsdalen, og sete for dei mektigaste leiarane i dalen. Frå denne tida finst det ein konsentrasjon av store gravminne, tingplassar og andre kulturminne som det ikkje finst maken til elles i dalen, og som også er sjeldsynte i landet elles.

Desse kulturspora gjer Hundorp til eit kulturminne av nasjonal betydning, knytt direkte til rikshistoria,

Hedendom og kristendom

Hundorp er stedet der hedendom og kristendom møtes. Snorres beretning om møtet mellom Dale-Gudbrand og Olav Haraldsson er kanskje den mest visuelle og dramatiske skildring som finnes om kristningen av Norge.

Nabogården til Hundorp heter Haave. Hov er namnet på bygningen der de norrøne gudene ble dyrket.

Religiøst og politisk sentrum

Gudbrandssetta på Hundorp har sannsynligvis vært sentral i det politiske, økonomiske og religiøse livet i Gudbrandsdalen i vikingtid og tidlig middelalder.

I Sør-Fron kan en se hvordan makt-sentret flytter seg over tid.

I de første århundrene etter Kristus er Kjørstad det økonomiske sentret i regionen. Mot slutten av forhistoria er det Hundorp. I middelalderen er både Steig og Hundorp viktige sentra i regionen.

og er såleis på line med andre nasjonale kulturminne som Stiklestad og Borre-området.

Også den nåværande bebyggelsen på garden er av stor verdi.

Tunet er bygd rundt 1850 av sorenskrivaren i Sør- og -Midt-Gudbrandsdalen, som da hadde sete på Hundorp. Hovedbygningen er tøra, panelt og kvitmåla, bygd i empirestil. Likeeins var sidebygningen som brann for få år sidan. Driftsbygningen, som nå tilhøyrrer nabogården, var ein av dei aller tidlegaste såkalla kombinerte driftsbygningane i Gudbrandsdalen, og er av stor landbrukshistorisk verdi. Det står elles eit mura hus på garden som har vore brukt til bolighus, og dette er sjeldsynt i Gudbrandsdalen. Det finst også fleire andre interessante hus i tunet. Dei fleste husa her må seiast å ha stor antikvarisk verdi, og dei står også relativt intakte.

Også når det gjeld funksjonen som

Vern i fortid, men tilrettelegging og vern i framtid

Ved en fornuftig vernepolitikk har området blitt sikret frem til i dag. Men samtidig har det vært utført minimalt med arkeologisk forskning på dette senteret i Gudbrandsdalens forhistorie. Ingen arkeologiske utgravninger er utført. Informasjonsopplegget har vært minimalt.

Hundorp kan karakteriseres som en av de best bevarte hemmelighetene vi har fra slutten av forhistorisk tid. Både med tanke på vern og tilrettelegging for publikum av Hundorp-områdets historie, påhviler det vernemyndighetene et stort ansvar.

Ved utvikling av stedet må en streve etter en kvalitet som gir rettferdighet til områdets kulturhistoriske verneverdi.

Fylkesarkeologen i Oppland vil arbeide aktivt for at Hundorp blir et sentrum for formidling av kulturhistorie i den dalen som Gudbrandssetta har gitt navnet til.

skolestad er Hundorp interessant. Gudbrandsdalens folkehøgskole vart etablert her i 1914 etter tidligare å ha starta på Vik i Kvam. Denne skolen hadde lenge ein sentral plass i Gudbrandsdalens skolevesen og kulturliv, først under leiing av Rasmus og Lise Stauri, seinare av Are og Dagny Stauri.

Fylkeskonservatoren i nært samarbeid med Sør-Fron kommune har prioritert høgt igangsetting og formidling av dette sentrale kulturområdet i dalen, og har tru på at verdien av området vil auke med åra, både når det gjeld bruken av det lokalt i kommunen, og som attraksjon i reiselivssamanheng.

Lillehammer 21.12.92

Arnfinn Engen
fylkeskonservator

Hundorp, eit kulturhistorisk monument i Gudbrandsdalen

KVA ER SAGT OM HUNDORP, DALE-GUDBRANDS GARD?

Universitetets Oldsaksamling

"Det var i kommisjonen enighet om at Hundorp står i særstilling i kulturhistorisk sammenheng fordi stedet i tillegg til en unik samling storslagne fornminner har en sentral forankring i vår sagatradisjon, blant annet i tradisjonen omkring landets kristningsverk."

Fylkeskulturkontoret i Oppland

"Kulturlandskapet her må skjøttast og gjerast tilgjengeleg for publikum, og det må lagast informasjonsmaterieil i form av tavler og brosjyrer. Ein kunne også tenkt området brukt som ramme om historiske spel eller lignande. I det heile ligg det store ubrukte ressursar i Hundorp-området når det gjeld reiseliv og kulturell verksemd. Forslag til bruk av dette må innarbeidast i framtidige planar..."

Fylkesturistsjefen i Oppland

"Hundorp er Gudbrandsdalens best bevarte hemmelighet."

Frå "Reiselivsplan for Oppland fylke"

"Det må skje en nær sammenbinding av det sentrale OL-området og de øvrige områder."

"Sentrale tiltak skal bidra til at det settes i verk kortsiktige produkt og markedsføringsprosjekter som kan utnytte den økte oppmerksomheten og interessen for OL '94, og skape økt turisttrafikk til hele fylket i perioden fram til OL-arrangementet i 1994."

"Særpreg, kvalitet, service og miljøverdier skal prege reiselivstilbudene."

"Den store gjennomfartsturismen i sommersesongen og nærheten til Oslo, Trondheim og kyst- og fjordområdene på Vestlandet, er også en vesentlig styrke for reiselivsnæringen i fylket."

"De sentrale stikkord for den framtidige utvikling av reiselivstilbudene i Oppland bør være

-et mangfold av aktiviteter og opplevelser som gir grunnlag for individuelle valgmuligheter.

-et variert overnattings- og serverings-tilbud."


"De viktigste elementene som bør danne grunnlaget for en sterkere profilering av reiselivstilbudene i Oppland vektlegges kulturressursene -bygninger og severdigheter -historiske minnesmerker -særpreg, tradisjon og landskap

"Hovedprofilen må bygges på naturgitte og kulturelle særtrekk som finnes i fylket."


"Golå/Fefor blir et tungt satsingsområde med internasjonal oppholdsturisme, sammenbinding av fjell- og dalturisme."

Kommuneplanen for Sør-Fron


"Reiselivsnæringa er peikt ut som hovudsatsingsområde. Det skal satsast særleg på ferie-, helse- og kosthaldsmarknaden, og tiltak på Golå, Espedalen og Hundorp. Bygdeturismen skal byggjast ut."



Historisk registrering 1949 av A. Skjølsvold



Funn frå Hundorp



Frå Snorres kongesoger:

112. Det var ein mann som heitte Dalegudbrand; han var liksom konge over Gudbrandsdal, men var herse av namn. Sigvat skald likna han i ei vise i makt og store eigeidommar med Erling Skjalgsson. Gudbrand hadde ein son som det blir fortalt om her.

Då Gudbrand hørde denne tidenda at kong Olav var komen til Lom og nøydde folk til å ta ved kristendommen, skar han opp hær-pil og stemnde alle dølene til å møta han på ein gard som heiter Hundorp. Der kom dei alle i hop, og det var

mykje folk, for di det ligg eit vatn nære ved som heiter Lågen, så dei kunne koma dit liksom godt med skip som til lands, og der heldt Gudbrand ting med dei og sa:


«Det har komi ein mann til Lom som heiter Olav. Han vil by oss ei anna tru enn vi har hatt før, og bryta sund alle gudane våre, og han seier at han eig ein mykje større og mektigare Gud. Det er eit



Hundorp og grenda ikring.


under at ikkje jorda rivnar under han når han torer seia slikt, og at gudane våre let han få gå lenger. Eg tenkjer at om vi ber ut Tor or hovet vårt, han som står her på garden, og som støtt har hjelpt oss, og han ser Olav og mennene hans, så vil guden hans bråna, og han sjølv og alle mennene hans med, og bli opp i inkje.» Då sette dei i alle på ein gong og skreik og sa at Olav skulle aldri sleppa derifrå om han kom til dei, og han torde visst ikkje fara lenger sør etter dalen, sa dei.

Sidan valde dei 800 mann til å fara nord til Breida og speia. Hovdingen for denne hæren var son til Gudbrand, som var 18 vintrar gamal, og mange andre gjæve menn var med han; dei kom til ein gard som heiter Hov, og var der i tre dagar, og der kom det mykje folk til dei, av dei som hadde flytt frå Lesla og Lom og Vågå for di dei ikkje ville gjeva seg under kristendommen. Kong Olav og bispem Sigurd sette prestar i Lom og Vågå. Sidan fór dei over Vågerusta og kom ned i Sel og var der om natta; dei hørde tidend om at det var ein stor hær samla imot dei, og bøndene som var på Breida, fekk spurlag på kongen og laga seg til å slåst med han. Kongen stod opp og hadde hærkleda sine på seg og fór sør etter Selsvollane; han



stana ikkje før på Breida, og der såg han ein stor hær reiug til slag. Då fylkte kongen hæren sin og rei sjølv og tala til bøndene og bad dei ta ved kristendommen. Dei svara: «Du får nok røyndanna i dag enn å apa oss,» og sette dei i med hær-rop og slo med våpna på skjoldane sine. Då sprang kongsmennene fram og skaut med spjut, og bøndene snudde straks og flydde, så berre nokre få mann stod etter. Då vart son til Gudbrand fanga, og kong Olav gav han grid og hadde han med seg. Der var kongen i 4 dagar.

Då sa kongen til son åt Gudbrand: «Far no att til far din og sei han at no kjem eg der snart.» Sidan fór han heimatt og fortalde far sin den leie tidenda at dei hadde møtt kongen og slegist med han. Men heile hæren flydde straks i fyrstninga, og eg vart fanga,» sa han. «Kongen gav meg grid og bad meg fara og seia deg at han kjem snart. No har vi ikkje meir her enn 200 mann av heile den hæren som vi hadde imot han; no råder eg deg til det, far, at du ikkje slåst med denne mannen.» «Det er høyrande til det,» seier Gudbrand, «at alt mod er banka ut deg. Det var ei ustund du fór heimafrå, og denne ferda vil lenge minnast, og no trur du straks på det tullet som denne mannen fer med, han som har gjort deg og hæren din til spott og skam.» Natta etter drøymde Gudbrand at det kom ein ljøs mann til han, som det stod ein stor kvekk av, og sa til han: «Det var inga sigers-ferd sonen din fór mot kong Olav; men mykje verre vil det gå deg om du etlar deg til å slåst med kongen; du skal falla sjølv med heile hæren din, og ulvar vil riva deg og alle dine, og ramnar slita dykk.» Han vart fælen av dette skremmesynet, og fortalde det til Tord Istermage som var ein hovding over Gudbrandsdal. «Nett det same synet hadde eg,» sa han. Om morgonen lét dei blåsa til tings, og sa at dei tykte det var rådleg å halda ting med denne mannen som kom nordfrå med nye bod, og få vita om han fór med sanning. Deretter sa Gudbrand til son sin: «No skal du fara med 12 mann til den kongen som gav deg grid,» og han så gjorde. Dei kom til kongen og sa han ærendet sitt, at bøndene ville halda ting med han og setja grid mellom kongen og seg. Kongen var vel nøgd med det, og dei lova kvarandre og svor på at det skulle vera grid så lenge dette møtet varde; etter dette fór dei attende og fortalde Gudbrand og Tord at dei hadde sett grid. Då fór kongen til ein gard som heiter Listad, og var der i 5 dagar. Så fór kongen til bøndene og heldt ting med dei.



Det var eit fælt bløyte-vêr den dagen. Då tinget var sett, stod kongen opp og sa at i Lesja og Lom og Vågå hadde dei teki ved kristendommen og broti ned blothusa sine. Og no trur dei på den sanne Gud som skapte himmel og jord og veit alle ting. Deretter sette kongen seg ned, og Gudbrand svara: «Vi veit ikkje kven du talar om. Kallar du han for gud, som korkje du eller nokon annan ser? Men vi eig ein gud som vi kan sjå kvar dag; i dag er han ikkje ute, av di det er bløyte-vêr; de vil synast at han er skremmeleg og veldig.

Eg tenkjer de får ein kvekk i livet om han kjem på tinget. Men sidan du seier at guden dykkar er så mektig, så lat han laga det så at det blir skya i morgon, men ikkje regn, og då skal vi møtast her.» Etter dette fór kongen heim til herbyrget sitt og hadde med seg son til Gudbrand som gissel, og kongen gav dei ein annan mann i staden. Om kvelden spurde kongen



«Du skal få anna å gjera på i dag enn å gjera narr av oss.»

son til Gudbrand korleis avguden deira var skapt. Han sa at på skapnaden var han liksom Tor og hadde ein hammar i handa, at han var storvaksen og innhol, og at dei hadde gjort liksom ein hjell under han, som han stod på når han var ute; det skorta ikkje på gull og sølv på han; dei gav han 4 leivar brød kvar dag, omfram kjøt. Deretter la dei seg; men kongen vakte all natta og heldt på og bad. Då det vart dag, gjekk kongen til messe og så til bords, og sidan til tings. Med vêret vart det så som Gudbrand hadde sagt. Då stod bispen opp i messe-kåpa si, med bispehuva på hovudet og bispestaven i handa, og la ut om trua for bøndene; han fortalde dei om mange underlege gjerningar som Gud hadde gjort, og enda tala si godt. Då svara Tord Istermage: «Mangt og mykje seier denne mannen med horna som har ein stav i handa, krokut ovatil som eit vêre-

horn. Men då de no, godtfolk, seier at guden dykkar gjer så mange underlege gjerninger, så sei til han i morgon føre solrenninga at han let det vera klårt vêr og solskin, så skal vi møtast og gjera eitt av to, anten bli forlikte i denne saka eller halda slag.» Og dermed skildest dei denne gongen.

113. Det var ein mann med kong Olav som heitte Kolbein sterke og var ætta frå Fjordane. Han var støtt væpna såleis at han hadde sverd ved sida og ei stor «rudde» i handa, som somme kallar klubbe. Kongen sa til Kolbein at han skulle vera nærmast honom om morgonen, og så sa han til mennene sine: «I natt skal de gå dit som bondeskipa er, og bora hol i alle i hop og rida hestane deira bort frå dei gardane som dei er på,» og dei så gjorde. Kongen heldt på og bad all natta; han bad til Gud at han ville løysa dei ut or denne knipa av si miskunn. Då messa var slutta og det lei mot dagen, gjekk han til tings. Då han kom på tinget, var nokre av bøndene komne, og i det same såg dei ein heil brøte bønder, som kom til tings og bar imellom seg eit stort manns-bilete som var tilstasa med gull og sølv alle stader. Då dei bøndene som var på tinget såg dette, sprang dei opp alle i hop og bøygde seg for dette skremslet, og dermed sette dei det ned midt på tingvollen.

På den eine sida sat bøndene, og på den andre sida kongen og hans folk. Sidan stod Dalegudbrand opp og sa: «Kvar er no din gud, konge! No tenkjer eg han ber hakeskjegget heller lågt, og eg synest at du og den mannen med horna, som de kallar bisp, og som sit der utmed deg, ikkje er så kaute som i går, for di no er vår gud komen, som rår for alle ting, og ser på dykk med kvasse augo, og eg ser at de er ottefulle og knapt torer sjå opp med augo. Lat no ovtrua dykkar fara og tru på vår gud, som held lagnaden dykkar i si hand.» Med dette enda han tala si.

Kongen sa til Kolbein Sterke, så ikkje bøndene merka det: «Om det høver så til under tala mi at dei ser bort frå avguden sin, så slå til han med klubba, det hardaste du kan.» Sidan stod kongen opp og sa: «Mangt har du sagt til oss her på morgonen, og du seier det er underleg at du ikkje kan sjå vår gud; men eg tenkjer at han snart vil koma til oss. Du skremmer oss med din gud, som er både blind og dauv og korkje kan berga seg sjølv eller andre og ingen-stad kan koma mindre dei ber han; og eg tenkjer at han rett-no får seg ei ulykke. Snu dykk no

og sjå mot aust; der fer no vår gud med mykje ljós.» I det same rann sola opp, og alle bøndene snudde seg mot sola. Men samstundes slo Kolbein til avguden deira, slik at han rauk reint sund, og det flaug ut mys så store som kattar liksom, og ødler og ormar. Men bøndene vart så redde at dei flydde, somme til skipa; men då dei skulle skuva skipa sine ut, gjekk dei fulle av vatn, og dei kunne ikkje koma om bord. Men dei som sprang til øykene, fann dei ikkje.

Då lét kongen ropa på bøndene og sa at han ville tala med dei, og då snudde bøndene att, og tinget vart sett. Då stod kongen opp og tala: «Eg veit ikkje,» sa han, «kva dette ståket og denne laupinga som de driv med skal vera til; no kan de sjå kva guden dykkar dugde til, han som de bar gull og sølv og mat og kost til; og no såg de kva det var for slag som naut det, mys og ormar, ødler og padder. Ille står det til med dei som trur på slikt og ikkje vil slutta med dårskapen sin. Ta gullet dykkar og eignelutene som driv omkring på vollen her; ha det heim til kvinnfolka dykkar, og heng det ikkje på stokk eller stein lenger. Her er det no to kår å velja av: anten at de no tek kristendommen, eller held slag med meg no i dag, og då får dei vinna over dei andre som den guden vil som vi trur på.» Då stod Dalegudbrand opp og sa: «Vi har fått stor skade på vår gud; og etter di han ikkje kunne hjelpa oss, så vil vi no tru på den guden som du trur på.» Då tok alle ved kristendommen, og bispen døypte Gudbrand og son hans og sette att prestar der; dei skildest vener som før var uvener, og Gudbrand lét setja opp ei kyrkje der i Gudbrandsdalen.



Kong Olav talar til bøndene på tinget ved Hundorp.

Gudbrandsdalens Folkehøgskule

Gudbrandsdalen har vore eit pionerdalføre når det gjeld folkehøgskulen i Norge. Ved overgangen til det 20. hundreåret er demokratiseringa i kulturliv og skuleliv kome godt i gang, og i denne prosessen spelar folkehøgskulen ei viktig rolle.

I Gudbrandsdalen grunnla presten Christopher Bruun (1839-1920) folkehøgskulen sin i Sel i året 1867, landets andre etter Sagatun ved Hamar (1864). Seinare vart skulen flytt til Vonheim i Gausdal, og vart eit åndeleg kraftsentrum ved sida av Aulestad, Bjørnstjerne Bjørnsons heim. Vonheim vart nedlagt i 1892, men diktarane Olav Aukrust og Ingeborg Møller dreiv ei tid folkehøgskule på Dovre og i Gausdal. Folkehøgskulen skulle koma til å få høg status i Gudbrandsdalen, ikkje minst på grunn av Lise og Rasmus Stauri.

Folkehøgskulen på Hundorp

Rasmus Stauri (1867-1932) kom frå Stryn i Nordfjord. Etter lærarskule og folkehøgskule i Seljord hos Viggo Ullmann, grunnla Gudbrandsdalens folkehøgskule i Kvam i 1902. Saman med kona si, Lise Høie (1882-1949), flytta han skulen til den gamle sorenskrivar-garden på Hundorp i 1915. Han gjorde større byggjearbeid på garden, men var pietetsfull med å tilpasse anlegget til skuleformål. Elles var Rasmus Stauri sentral i norsk folkehøgskulelag og i fleire år i ungdomslagsrørsla i Gudbrandsdalen. Han hadde eit omfattande fagleg og litterært forfatterskap. Skulen vart i styringstida hans ein kjent og respektert

skule i dalen og i landet.

Bygdehistorikaren Ivar Kleiven skriv i «Fronsbygdin» (1930) at Rasmus Stauri hadde vore "ein god mann for Gudbrandsdalen".

Lise Stauri dreiv skulen vidare frå 1932 til ho døydde i 1949. Ho vart Skandinavias fyrste kvinnelege folkehøgskulestyrar, og vart tildelt Kongens fortjenestemedalje i 1948. Sonen, Are Stauri (1912-1972) dreiv skulen vidare frå 1949 saman med kona si, Dagny Stauri, fram til 1972. Skulen vart utbygd vidare i desse åra, og hadde god søknad. Skulen vart verande i privat eige fram til 1982, og var i perioden 1972-1982 leigd ut til Folkeuniversitetet i Norge. Folkeuniversitetet nytta skuleanlegget til kursverksemd med deltakarar frå heile landet. I tillegg nytta dei skulen til konferansar og møte. Skulen vart seld til Gudbrandsdal ungdomslag i 1983, og organisasjonen dreiv fram til brannen på internatbygget i 1987. Deretter kjøpte Sør-Fron kommune skuleanlegget og 13 mål eigedom.

Kultursentrum

Hundorp, Dale-Gudbrands gard, med dei unike fornminna og med ei rik folkehøgskuletid har på 1900-talet og fram til i dag hatt høg status blant bygdefolk, elevar og gjester. Skulen var eit naturleg samlingspunkt for ulike tilstelningar, og ikkje minst som kultursentrum i Gudbrandsdalen og i landet elles. Kjent er det at Lise og Rasmus Stauri var vertskap for skandinaviske lærarkurs frå 1915. Desse sommarkursa var årvisse, og vart halde fram til midt på 1960-talet. Staden er derfor kjend i Skandinavia som møttestad, kurs- og kultursentrum. Sigrig Undset, Fredrik

Paasche, Francis Bull, Harald Schjeldrup, Tore Ørjasæter og andre intellektuelle var gjennom mange år faste gjester på Hundorp. Lista over slike personlegdomar kunne gjerast lang. Etter krigen har skulen vore nytta av andre organisasjonar i sommarhalvåret til ulike kurs- og møteformål i tillegg til vanleg overnattingstrafikk. Mange er også dei som har vore på tunet og området for å sjå fornminna.

900-årsfesten i 1921

I 1921 under 900-årsfesten for kristningsmøtet mellom Dale-Gudbrand og Olav Haraldsson var professor Fredrik Paasche hovudtalar. Fleire tusen menneske møtte fram, mellom dei Haakon 7, og representantar frå regjering og Storting.

Da Kronprinsparet hausten 1986 reiste gjennom Gudbrandsdalen, var Hundorp med folkehøgskulen og fornminna ein naturleg stad å stoppe for omvisning og mat.

Fornminna fasinerte Sigrig Undset

Sigrig Undset skreiv i boka si om Olav den heilage: "Det er enkelt og lettfattelig som den avgjørende scene i et middelaldersk mysteriedrama i sin symbolske rikdom. Tinget på Hundorp kommer da til å stå for vår bevissthet som det avgjørende optrin i vår kristnings-saga."

Med fornminna og si lange folkehøgskulehistorie er Hundorp eit eldre og moderne senter, -eit sjelda kulturminne med atterklang over heile Norden. Alt ligg til rette for på nytt å kunne feire staden som eit viktig kultursentrum.

Hundorp, Dale-Gudbrands gard

PROSJEKT HUNDORP, DALE-GUDBRANDS GARD

Sør-Fron kommunestyre sette ned ei styringsgruppe 12.mai 1992 for å arbeide ut eit nærings- og kulturpolitisk konsept for egedomen.

I denne gruppa har desse vore med

- **Torstein Rudihagen**, ordførar
- **Ivar Myren**, reiselivssjef
- **Svein Stensrud**, Sør-Fron kommune teknisk etat
- **Tove Nyhus**, Oppland fylkeskulturstyre
- **Kristian Haave**, bonde og nabo
- **Trond Halle**, kultursekretær i Sør-Fron
- **Rasmus Stauri**, lektor

Styringsgruppa har hatt fleire møte og legg med dette fram resultatet av arbeidet sitt.

MARKNAD Marknadspotensialet

Trafikken på E-6 pr døgn rekna ut på årsbasis i 1988 var 5.150 kjøretøy. I sommarmånadene juni, juli og august var talet pr døgn 7.931. Juli hadde 9.579 kjøretøy. Trafikken er større på 90- talet.

Målgruppene er mange og varierte

- gjester som passerer E-6.
- bilturistar og bussgrupper heile året
- gjester som utnyttar sesongane til turistanlegga på fjellet
- gjester i bygda
- spesielle målgrupper som skal til Hundorp, Dale-Gudbrands gard t d skuleklasser, deltakarar på seminar, kurs og andre
- lokal bruk til barnedåp, konfirmasjon, gravferd, bryllaup, møte og andre høve

Ein framtidig bruk av Hundorp, Dale-Gudbrands gard, vil også kunne vera fleksibel når det gjeld ulike målgrupper. Staden ligg berre 50 minutt med bil eller tog frå OL-byen, Lillehammer. E-6 og jernbanen går rett forbi.

Befolkningspotensialet

Nord-Fron, Sør-Fron og Ringeby kommune har 15.000 innbyggjarar. Lillehammer og Gudbrandsdalen har 55.000 innbyggjarar. Gjøvik og Hamar med omland har 170.000.

Nye besøksgrupper til Sør-Fron

Hundorp, Dale-Gudbrands gard vil trekkje nye besøksgrupper til dalen. Sør-Fron er den største reiselivskommunen i Gudbrandsdalen, og ei kulturell og næringsmessig satsing vil trekkje andre målgrupper til midtdalen.

Konkurransesituasjonen

Hundorp, Dale-Gudbrands gard, er eit unikt prosjekt, da ein her vil finne ein liten, intim og triveleg gjestegard med særpreg og historiske attraksjonar som ikkje har mange konkurrentar i Gudbrandsdalen. Staden blir eit fleirbrukssenter som kan tilfredsstillte ulike målgrupper og gi særlegne opplevingar.

Framdrift

Ein ny gjestegard, Tinghuset, vil stå ferdig sommaren 1993.

Ein har lagt vekt på arkitektoniske løysingar som vil harmonere med den eldre bygningsmassen. Det er lagt planar og strategiar som vil rehabiliterer dei andre bygningane i takt med oppattbygginga av gjestegarden. Den lokale eigenarten skal takast vare på og utviklast vidare.

HISTORISK TILBAKESYN

Heilt frå Sør-Fron kommune tok over egedomen i 1987 har det vore arbeid med å byggje opp att Hundorp, Dale-Gudbrands gard.

Fleire idear vart lansert, men arbeidet skaut fart etter at Erling Okkenhaug jr. i «Allgrønn» arbeide ut eit idekonsept for området. Han la fram arbeidet sitt i 1991, og sommaren 1991 vart det arrangert utstillingar over norrøn mytologi, og eit stort publikum besøkte området og såg fornminna i tida som følgde. Interessa frå media var også svært stor.

Innvendig restaurerings- og utbetningsarbeid av anlegget vart sett i gang parallelt med oppattbygginga. Bygningane skal først attende til den opphavlege forma, og i dette arbeidet har fylkeskonservator Arnfinn Engen vore til stor fagleg hjelp. Oppland fylkeskommune støtta det utvendige restaureringsarbeidet ved å bevilge kr 100.000 for å leggje fornminna til rette for publikum. Det vart gitt stønad til skilting og opparbeiding av naturstigar i desse nasjonale minnesmerka frå norrøn tid.

Regionen har fått ein ny og vakker naturpark. Hundorp er sett på kartet att, og interessa for å utvikle staden har heile tida vore stor frå media og publikum.

I 1992 gjorde Sør-Fron kommunestyre det endelege vedtaket å byggje opp att tunet og restaurere anlegget. Arkitekt Torbjørn Fjeldstad fekk oppgåva å teikne nybygget, og EEG Henriksen as fekk byggingeoppdraget.

Ein ny gjestegard med moderne fasilitetar står ferdig utbygd i juni 1993.

Hundorp, Dale-Gudbrands gard

MÅL FOR HUNDORP, DALE-GUDBRANDS GARD

Styringsgruppa vil arbeide for å byggje opp **Hundorp, Dale-Gudbrands gard**, til eit lokalt, regionalt og nasjonalt kultursenter.

For å nå dette målet ser ein for seg to element

- A) ein kulturdell
- B) ein næringsdel

Fordelinga mellom del A og B kan sjåast under eitt når det gjeld økonomisk og administrativt ansvar, eller ein kan velja å sjå desse delane kvar for seg.

Næringsdelen

vil omfatte servering, turisme, kurs, seminar, møte, overnattingstrafikk og marknadsføring mot spesielle målgrupper. Dette kan leggast til nybygget, heretter kalla Tinghuset.

Kulturdelen

har grunnlag i den opphavlege bygningsmassen. Ei fri stifting vil etter styringsgruppa syn vera ei løysing når det gjeld drifta av kulturdelen.

Ein søker leigetakarar til drifta av næringsdelen. Samarbeidsforhold og form må avklarast nærare i samarbeid med framtidige leigetakarar. Leigesum skal dekkje renter, og det er eit mål at drifta skal kunne stå på egne bein etter stutt tid.

Styringsgruppa vil understreke at eigenarten og dei særlegne kvalitetane på Hundorp må takast i vare av framtidige drivarar. Berre på den måten kan Hundorp, Dale-Gudbrands gard, få den posisjon som arkitektur, geografisk plassering og nasjonal historie i dag dokumenterer.

BYGNINGAR TINGHUSET

Bygget har rom i kjellaretasjen. I grunnetasjen blir det kjøkken, kafe-

teria, møte/opphaldsrom for 120 menneske. Tinghuset får heis og 27 senger med høg standard på romma med dusj og toalett. Det nye bygget blir bygd i stil med den opphavlege bygningen, som vart reist i 1850-åra. Nybygget utgjør næringsdelen i konseptet.

SKRIVARGARDEN

Denne bygningen er reist rundt 1850, og har eit forsamlings/seminarrom med plass til 60 personar i fyrste etasje. Dette rommet har vakre veggmaleri av gudbrandsdalskulturstaren Ragnvald Einbu med motiv frå vår nasjonale kulturarv, - særleg mange motiv frå norrøn tid. Bilda er måla i 1924. Itilknytning til dette forsamlings- og seminarrommet er det tre større opphaldsrom der ein frå det midtre rommet går ut i hagen gjennom ein glasveranda med utsyn over bygda og dalen. Det er også ein klebersteinspeis på eitt av romma i etasjen. Eit tilbygg har eit mindre rom og grovkjøkken. Toalett i fyrste etasje. Gangen opp til andre etasje er også dekt med veggmaleri av Ragnvald Einbu, og tre større rom er nyrestaurert i pakt med den opphavlege byggestilen. Herifrå er det vakker utsikt over bygda og dalen. Tredje etasje har tre rom. Skrivargarden kan ha fleire bruksfunksjonar, t d møte, utstillingar. Alle rom har elektrisk oppvarming. Denne bygningen er eitt av dei beste døma på empire i Gudbrandsdalen. Full kjellar med steinmur under bygningen.

REISVERKSBYGGET

I dette bygget var det gymnastikksal, bibliotek og handarbeidssal i folkehøgskuleperioden. Bygningen er ein av dei eldste reisverksbygningane i dalen. Her inne er det plass til 130 menneske. Forsamlingssalen har ei utbygd scene, og salen eignar seg elles svært godt til song og musikkaktivitetar, konsertar, opptak. Bygningen har elektrisk oppvarming. I andre etasje finst eit større rom som vart nytta til skulesal/bibliotek. Tredje etasje har to rom. Det vart bygd eit utkikstår med luker i fire himmelretningar på reisverksbygget i 1925. Herifrå er det ei einestående utsikt over bygda og dalen. Full kjellar med steinmur under bygningen.

STABBUR

Dette er eit eldre stabbur i dølastil, som vart reist opp att på 1920-talet. Stabburet har tre større rom, to i fyrste etasje og eitt i andre. Særeigen atmosfære.

SNIKKARSAL

Dette er opphavleg ein eldre gudbrandsdalslåve frå garden Kjørum i Kvam. Bygningen vart reist på nytt her i 1929, og har to større rom i fyrste etasje og fleire mindre rom i andre etasjen. Toalett og elektrisk oppvarming.

TUNET

Dei eldre bygningane og nybygget utgjør eit vakkert tun med ein spesiell intimitet. Frå tunet kjem ein lett ut i fornminneområdet som omkransar bygningsmassen på Hundorp, Dale-Gudbrands gard.

PROFILERINGSIDEAR

Hundorp, Dale-Gudbrands gard, har ein framstående posisjon i norsk historie som det geografiske møtepunktet i eit avgjerande tidskifte mellom heiden og kristen tid. Den mektige herseætta som budde her i generasjonar gav også namn til Gudbrandsdalen.

Gravminna spenner over fleire hundreår, og fornminneområdet er det største i nokon austnorsk dal. På 1800-talet var garden Hundorp handelsstad, og frå 1850-åra sorenskrivargard for midtre og søre delen av dalen.

I vårt hundreår vart sorenskrivargarden folkehøgskule, og denne drifta stod ved lag fram til 1987. Bygningane er i dag verneverdige og området er verna etter lov om fornminne.

Styringsgruppa for prosjektet meiner derfor at utbygginga og den framtidige drifta av Hundorp, Dale-Gudbrands gard, må sjåast i ein **nasjonal samanheng**.

Samstundes må drift og profil bli knytt opp mot føresetnader som natur, kultur og næringsgrunnlag eller gir.

Hundorp, Dale-Gudbrands gard

KULTURDEL

Det er eit mål å utvikle Hundorp til eit kulturelt fleirbrukssenter. Forgreiniane utover lokalgrensene er mange, og brukargruppene varierte.

NORRØNT SENTER

Styringsgruppa meiner at Hundorp med basis i norsk historie bør utviklast til eit nasjonalt senter for informasjon og dokumentasjon av norrøn tid i eit vidt perspektiv.

Fleire forhold står opp under ein slik profileringstankgang.

- inga bygd i Gudbrandsdalen har så mange historiske minne frå denne perioden
- inga bygd hadde frå gammalt så mange kyrkjer i Gudbrandsdalen
- Sør-Fron var frå gammalt den mektigaste og mest sentrale bygda i Gudbrandsdalen
- turisme er eit hovudsatsingsområde i regionen
- sentral plassering i hovuddaleføret mellom Oslo -Trondheim
- midt i OL - området
- landet treng eit slikt senter

Det norrøne sentret skal ha eit nasjonalt siktemål, men regionale og lokale uttrykk og vinklingar må leggast inntil for å styrke profileringa. Ei samling av fornminne frå regionen bør etablerast saman med utstillingar og temapresentasjonar som tilrettelegg og utdypar denne tidsepoken.

Ein ser også for seg tidsaktuelle presentasjonar med utgangspunkt i norrøn mytologi, t d økologiske perspektiv.

Utstillingsdelen vil synleggjere krysningsspunktet mellom heiden og kristen tid på 1000-talet. Det er nødvendig også å kunne kombinere opplevingar inne med synleggjering ute gjennom tilrettelegging av fornminneområdet på Hundorp og i bygda elles. Sør-Fron kommune kan gjennom Hundorp, Dale-Gudbrands gard, profilere seg som «fornminnebygda» i ei positiv meining av begrepet. Det bør utviklast ei «pedagogisk løype» der Hundorp er utgangspunktet, men der ein trekkjer inn dei andre fornminna i bygda.

Tilreisande skal her kunne oppleva

tida og spenninga mellom heiden og kristen vere- og tenkjemåte. Dette er det viktigaste tidskiftet i vår historie.

Stikkord: år 1021.

Når det gjeld utstillingsdelen kan ein tenkje seg

- ein permanent utstillingsdel
- temautstillingar som varierer og utdypar sider ved norrøn mytologi, vikingtida og tidleg kristen tid, og dette tidskiftet i vår historie. Samarbeid med faglege miljø og instansar er ein føresetnad.

LEITE FRAM FRÅ GLØYMSLA

-utvikle kulturstigar med vekt på minnesmerke frå norrøn tid (Alme, Hundorp, Kjørstad, Steig og andre).

-sjå historia og hendingsane på Hundorp i samheng med Ryssland og kongsgarden Steig.

-illustrere korleis maktsenter flyttar seg gjennom hundreåra (kvifor og korleis)

-synleggjere pilgrimsvegen til Nidaros

-utvikle eit årleg Hundorp- spel og Dale-Gudbrand dagar med utgangspunkt i historia om kristningsverket

-temautstillingar

-studiar og forskning

Ein vil leggje til at ei gruppe er i gang med å utvikle eit årleg kyrkjespel/friluftsteater der kristningsverket er emne. Det er knytta profesjonelle krefter til utviklinga og gjennomføringa av dette i samarbeid med det lokale kulturliv. Framføring er planlagt i 93/94.

KOLBEINS KLUBBE I TRE

Ein bør skapa uttrykk som byggjer opp under denne profileringa. Ei stor trekklubbe kan gjerast synleg i landskapet, og plasserast i geografisk samheng med Hundorp. Klubba er også vald som kommunevåpen i kommunen.

Hovudattraksjonen med eit norrønt senter kan også utnyttast og byggjast ut på andre måtar faglege og næringsmessig.

UTSTILLING AV FOLKEHØGSKULETIDA

Frå folkehøgskuletida finst det mange interessante kulturhistoriske minne, t d bildestoff, arkivmateriale, brev og ei stor boksamling etter Rasmus Stauri. I norsk folkehøgskulesoge er elles Gudbrandsdalen eit pionerområde.

FOLKESKULEROM MED TIDSTYPISK INVENTAR

Enkle verkemiddel trengst for å kunne laga eit tidstypisk skulerom med inventar og materiell frå 1800- og tidleg 1900-tal.

Denne delen av norsk skulesoge er dårleg dokumentert, og vil lett kunne plasserast her.

SØR-GUDBRANDSDAL FOLKEMUSIKKSAMLING

Dette arkivet er i dag permanent plassert i Sør-Fron og dekkjer kommunane Nord-Fron, Sør-Fron, Ringeby, Øyer, Gausdal og Lillehammer. Arkivet skal leggjast administrativt inn under Opplandsarkivet på Lillehammer og arkivere kunnskap og dokumentasjon om dei folkelege dans- og speltradisjonane i denne delen av Gudbrandsdalen. På Hundorp, Dale-Gudbrands gard, har ein øvingsrom, lokalitetar for opptak og konsertsal for 130 menneske.

KOMMUNAL MUSIKKSKULE MED VEKT PÅ FOLKEMUSIKK

Ein framtidig kommunal musikk-skule kan også finne sin plass her. Det er eit rikt folkemusikkmiljø i regionen, med vinnar av Spellemansprisen 1991, Sør-Fron Spelemannslag, i fremste rekkje.

KUNSTHANDVERKARAR I ARBEID

Hundorp, Dale-Gudbrands gard, har lokalitetar for å kunne huse kunsthandverkarar i arbeid, og fleire har alt vore interessert i å kunne etablere seg. Det er også rikeleg med utstillingsrom som kan vera ope året rundt. Fron kunstlag er interessert i å kunne stille ut frå eige arbeid, eller i samarbeid med privatpersonar og galleri.

KUNSTSKULE

I dag held den interkommunale kunstskulen til på området.

MØTESTAD FOR BYGDALFOLK OG ANDRE

Styringsgruppa meiner Hundorp, Dale-Gudbrands gard, skal vera ein møtestad for bygdafolk til ulike tilstelningar i offentleg eller privat regi. Det er det lang tradisjon for. Lag, organisasjonar, næringsliv og interessentar over eit breitt spekter kan nytte staden til sine formål.

Hundorp, Dale-Gudbrands gard

NÆRINGSDEL

Styringsgruppa kan sjå fleire bruksområde og mottakargrupper under næringsdelen. Ein vil særleg peike på følgjande

- generell turisme, reiseliv, overnatting, servering
- gardturisme i bygda der Hundorp er eitt opplevingselement
- opplevingsferiar med nasjonale og internasjonale målgrupper
- kurs og seminar etter ønske frå brukargruppene

Det bør utviklast særskilte salsprodukt med rot i historia til Hundorp, og på dette området kan fleire kunstmiljø engasjerast i produktutviklinga. Kvalitetsprodukt bør vera siktemålet. Same standard bør også gjelde i mat-vegen, der ein bør kunne tilby særskilte matrettar med vektlegging på lokal mattradisjon.

PEDAGOGISKE TILBOD

Hundorp, Dale-Gudbrands gard, ligg sentralt plassert i Sør-Norge. Staden er kjent som skulestad i dette hundreåret, og dei naturgitte kvalitetane gjer det mogleg å kunne utvikle tilbod mot spesielle målgrupper i skuleverket på ulike nivå. I det følgjande har ein tenkt på den vidaregåande skulen, der eit nisjeprodukt innafor faga norsk og historie er skissert. Det ville ikkje vera noko i vege for å sikte seg inn mot andre målgrupper på andre alders- og læresteg. Desse kortkursar laut leggjast til haust, vinter og vårhalvåret. Fagemne i norsk og historie kan utviklast med bakgrunn i Gudbrandsdalens historie og kulturhistorie. Det kunne t d vera fagemne innafor

- norrønt
- eldre norsk historie
- folkedikting/folkeminne
- målføre
- litteratur
- arkitektur/byggjeskikk

I denne pedagogiske «pakka» kan leggjast inn friluftaktivitetar, miljølære og andre emne. I området har ein kjende skiarenaer, skøytebane og fine turområde.

UTFORMING

Det kan leggjast til rette for private initiativ eller utviklast i regi av Vinstra vidaregåande skule/Vinstra kompetanse, som rår over ei rekkje fagfolk. Opphaldet kan ha ulik lengde, frå 3 dagar eller lengre. Spesielle tilbod kan også utviklast for lærarhøgskular og universitet.

SAMARBEIDSPARTNARAR

I tillegg til dei som alt er nemnd, vil Oppland fylke, høgskulestyret i Oppland, universitet og høgskular i landet, Oppland DH, og RTV-sentret på Lillehammer kunne trekkjast inn.

Styringsgruppa meiner at det bør nedsetjast ei gruppe for å arbeide ut fullstendige tilbod, eller at ein inviterer pedagogiske krefter til å drive dette fram på privat grunnlag.

Med bakgrunn i Gudbrandsdalens rike tradisjonar i litteratur, kunst og historie har ein eit grunnlag for å gi norsk ungdom og andre eit lærerik og opplevingsfullt opphald, og leggje til rette for å formidle sentrale emne innafor norsk kultur og væremåte.

ANDRE TILTAK

Styringsgruppa vil også peike på andre brukargrupper for Hundorp, Dale-Gudbrands gard.

-heile anlegget blir «seld» i rolegare tider som ferie/kursstad for eit stort konsern, norsk eller utanlandsk. Ein kan da kunne tilby opplevingsferiar for tilsette i konsern og VIP gjester. Ein kan også laga kursopplegg etter deira ønske, eller leggje til rette for ei rein ferieoppleving

-aktiv marknadsføring i reiselivs-samanheng med profilering mot LOOCs sponsorar

Styringsgruppa meiner Hundorp, Dale-Gudbrands gard, er eit unikt produkt som kan tilby kulturopplevingar i nasjonale og historiske miljø, rein, urørt natur og idrettsanlegg i verdsklasse.

STØTTE TIL PROSJEKTET

Styringsgruppa vil sjå det heilt nødvendig å søkje profesjonell hjelp i regionale og nasjonale fagmiljø. Samstundes bør det vera opplagt at det er eit nasjonalt politisk ansvar å kunne ta vare på og utvikle ein stad som Hundorp, Dale-Gudbrands gard. Området har nasjonalkulturhistorisk verdi.

Styringsgruppa for prosjektet har alt opparbeidd god kontakt med fylkeskulturkontoret ved fylkeskonservator og fylkesarknolog. For å kunne fullføre dette nasjonale atterreisingsarbeidet, må statlege middel inn, og ein vil i det vidare arbeidet søkje støtte der ein kan få støtte, t d i Miljødept., Kulturdept., Riksantikvar, Norsk Kulturråd.

FRAMDRIFT

Styringsgruppa meiner at ein nå er kome til det stadiet i utviklinga at politiske og faglege instansar må inn i prosjektet for fullt. Særleg er det viktig nå å kunne starte oppbygginga og tilrettelegginga av det norrøne sentret.

Gruppa har gjennom arbeidet sitt fått forståing av at det på lokalplanet er stor interesse for det arbeidet som er gjort. Prosjekt Hundorp, Dale-Gudbrands gard, blir jamnleg omtala i pressa. I oppbyggings- og gjennomføringsfasen vil det vera nødvendig å få ein person til å drive dette vidare på heiltid i tillegg til ekstern faglege og økonomisk støtte.

Styringsgruppa vil også understreke dei strenge kvalitetskrav som bør liggje til grunn i det vidare arbeidet.

Bruksplan for bygningane

Eigedomen har fleire bygningar og stilartar. Dei eksisterande bygningane må pussast opp og restaurerast til funksjonar som passar inn i heilskapen.

Skrivargarden

Steinkjellaren under skrivargarden eignar seg til informasjon og dokumentasjon av norrøn tid. 1. etasje kan nyttast til møte- og seminarverksemd. Her er eit forsamlingsrom med plass til 60 menneske. I tillegg kjem tre større rom i 1. etasje som kan nyttast til ulike kulturelle tiltak. Tre større rom i 2. etasje kan nyttast til utstillingar av ulike slag i tillegg til møte- og opphaldsrom. Minnerom over folkehøgskuleperioden kan leggast hit. Kontor i 3. etasje.

Tinghuset

Bygget får 27 senger. Kjøkken, kafeteria, møte- og kursrom med plass til 120 menneske. Heis og høg standard på romma. Vidare utbygging av sengekapasitet blir lagt til kjellaretasjen.

Reisverkbygget

Steinkjellaren under reisverkbygget kan utviklast til ulike bruksfunksjonar, t d forsamlingsrom for uformelt samvær. Bygget har konsertlokale med scene og høver til øvings- og opphaldsrom for større grupper. Her er også plass for folkemusikkarkivet. 3. etasje passar for folkeskuleutstilling m m. I tårnet på bygget finst luker i alle himmelretningar for observasjon av stjernehimelen. Eit vakkert utkikspunkt over dalen.

Stabburet

Sommargalleri, servering på tunet. Vinterstid til lagerplass.

Snikkarsalen

Her er plass til studio/verkstad/atelier og rom for enklare overnatting. Bygningen bør kunne nyttast som eit «rimeleg» tilbod for kulturarrangement og kurs.

Romareal

Skrivargarden	640 m ²
Reisverkbygget	600 m ²
Stabburet	150 m ²
Snikkarsalen	300 m ²
Eksisterande bygningar	1690 m ²
Nybygget, Tinghuset	1005 m ²
Samla	2695 m ²

Rehabiliteringsplan ; sjå eige oppsett.

SYSSELSETJINGSEFFEKT

PERSONAR:

DAGLEG LEIAR kulturell del	1
VERTSKAP kommersiell del	2
VAKTMESTER drift, bygg	1
VAKTMESTER utanlegg	1
SERVERING	4
TURISTINFORMASJON	3
GUIDEKORPS	10
FOLKEMUSIKKARKIV	1
BRUKSKUNST	5
GALLERI utstillingar, drift	1

Blir overnattingsdelen utvida, blir det behov for

KJØKKEN	2
ROMBETENING	4
AKTIVITETSLEIARAR	2

REHABILITERING
264 månadsverk

Syssetjingsseffekten er avhengig av leiarskap og prosjektutviklinga. Utsiktene er store.

SØR-FRON KOMMUNE, KOMMUNESTYREPROTOKOLL NR.11-92 115/92: 18.12.92

Framtidig utvikling av Hundorp, Dale-Gudbrands gard.

-innstilling frå styringsgruppa.

Ordføraren la fram eit framlegg til uttale

VEDTAK: (samrøystes) Som ordførarens framlegg til uttale.

- Kommunestyret har fått konseptet for prosjekt Hundorp, Dale-Gudbrands gard til orientering. Kommunestyret støtter fullt opp om det arbeidet som her er gjort og dei framtidsplanane og utviklingstankane som styringsgruppa legg fram.
- Kommunestyret meiner at det er viktig for framdrifta å få ein dagleg leiar for prosjektet. Ein gjev difor sin tilslutning til at det blir oppretta ei engasjementsstilling ut 1993 snarast råd. Det er ein føresetnad at kommunen får dekkja minimum 50% av lønsutgiftene til dette. Ein eventuell komunal eigenandel kan t d dekkast frå kap. 1.450 - Tiltaksarbeid.
- Sør-Fron kommune har stor arbeidsløyse og for tida særst trong økonomi. Hundorp, Dale-Gudbrands gard kan gje ei næringstilvekst kommunen har stort behov for.

Her er ein kulturhistorisk verdi av regional og nasjonal interesse. Kommunestyret ber difor om at fylkeskommunen og Staten støtter opp om dette prosjektet, både fagleg og økonomisk.

NYBYGG OG REHABILITERINGSPLAN 1993 - 96

TINGHUSET

15.juni 1993 står gjestegarden ferdig. Det blir eit fullserviceanlegg med 27 senger. Kostnaden på dette bygget er 6,4 millionar og bygget er fullfinansiert av Sør-Fron kommune. Det er eit mål å utnytte romarealet i Tinghuset fullt ut. Det vil bli nødvendig å bygge ut sengekapasiteten innafør ei tidsramme på tre år for å kunne ta i mot større grupper samstundes, t d turbussar med mange turistar.

SKRIVARGARDEN

Bygningen er av dei eldste i området og er verneverdig. Ein har kome godt i gang med å fullrestaurere bygningen der sorenskrivaren budde på 1800-talet. I 2. etasje er det gjort mykje arbeid for å få attende dei opphavlege romma,- slik dei var på hans tid. Dette arbeidet er utført i samarbeid med fylkeskonservatoren i Oppland, og ein vil søkje fagleg hjelp i det vidare arbeidet med å setja Skrivargarden i stand. Vi vil måle golv og tak, kle veggene med tidsrett tapet, skifte ut alle glas og reparere taket. Peisstuggu i huset skal vølast, terrasse og altan skal også reparast. Ein oppsett inngang skal fjernast og veggane utvendig pussast opp. Vi vil få inn elektrisk anlegg og tidsmessig inventar. Kjellaren skal også gjerast i stand til sitt formål. Utvendig grunnmur må rettast opp, - men denne kostnaden blir sett saman med istandsetjing av utandørs terasseanlegg.

REISVERKBYGGET

Bygget treng nye glas, og ein del utvendig panel må skiftast ut og målast. Taket og utkikstårnet frå 1925 må reparerast. Innvendig skal to av romma byggjast om, og forsamlingsalen skal målast. I 2. etasje skal eitt av romma setjast i stand til bibliotek. Det elektriske anlegget må leggast opp på nytt. Steinkjellaren under reisverkbygget skal gjerast istand.

STABBURET


Her er det ønskjeleg å reparere taket og beise utvendig. Dørene vil bli betre sikra, og det er nødvendig med ein del målingsarbeid.

SNIKKARSALEN

Taket må setjast i stand, og det er nødvendig med utvendig arbeid på vegger og inngangsparti. Produksjonslokala innvendig treng oppussing, og i 2. etasje må ein ta ned vegger og setja nye rom istand til kontor og plenumsrom. Det elektriske anlegget må supplerast.

UTANDØRSANLEGGET

Her skal det opparbeidast parkeringsplass og turstigar i kulturlandskapet. Vi må nyplante bjørketre, og delar av terasseanlegget blir reparert. Den gamle pilgrimsvegen ved Olavshaugen og gjennom området må restaurerast. Vi ser Hundorp, Dale-Gudbrands gard, i fysisk og informasjonsmessig samheng med dei andre kulturminna i Sør-Fron (jfr prospektet).



Hundorp, Dale-Gudbrands gard, 8. juli 1952

Hundorp, Dale-Gudbrands gard

BUDSJETT INVESTERING OG DRIFT 1993/94

Sør-Fron kommune har investert i Tinghuset 6.400.000,-

STRAKSTILTAK

Tiltak som er nødvendig for sikring og bruk bygningsmassen

Utarbeiding av regulerings- og rehabiliteringsplanar	65.000,-
Rehabilitering av Skrivargarden, innvendig	470.000,-
Rehabilitering av Skrivargarden, utvendig	749.000,-
Rehabilitering av reisverkbygg	270.000,-
Sikring av Stabburet	13.000,-
Rehabilitering av utandørsanlegg	185.000,-

SAMLA INVESTERINGAR STRAKSTILTAK 1.752.000,-

DRIFT

Løn prosjektleiar	281.000,-
Administrasjonskostnader	130.000,-
Forsikring	30.000,-
Straum	130.000,-
Kommunale avgifter	40.000,-
Lønskostnader 144 månadsverk (8 pers. i 18 mnd.)	1.836.000,-
Vedlikehald og drift av guidekorps	40.000,-
Utarbeiding av salsprospekt	65.000,-
Utarbeiding av brosjyremateriell	50.000,-
Andre marknadsføringstiltak	100.000,-

SAMLA DRIFTSKOSTNADER 2.602.000,-

FINANSIERINGSPLAN

Sør-Fron kommune, investering	6.400.000,-
Sør-Fron kommune, drift	526.000,-
Leigeinntekter	200.000,-
Lokalt næringsliv	87.000,-
Distriktenes Utbyggingsfond	720.000,-
Oppland fylke, kulturetat, ny søknad	350.000,-
Oppland fylke, kulturetat, rest 1992	65.000,-
Statlege middel, sysselsetjing, rehabilitering	2.406.000,-

SAMLA FINANSIERING 10.754.000,-

Kapitalkostnader er forutsett dekt av framtidig utleige.

STIPULERT DRIFTSKOSTNAD PR ÅR

inkludert brutto løn, faste avgifter, administrasjonskostnader og marknadsføring ca. 1.000.000,-

Desse kostnadene skal finansierast gjennom utleige og gjennomføring av kommersielle aktivitetar.

Hundorp, Dale-Gudbrands gard

LANGTIDSBUDSJETT INVESTERING

TINGHUSET

Bygging av 10 dobbeltrom 2.000.000,-

SKRIVARGARDEN

Ombygging til sanitæranlegg	250.000,-
Oppussing av kjellar	100.000,-
SAMLA	350.000,-

REISVERKBYGG

Skifting av glas	60.000,-
Ombygging av rom i 1. og 2. etasje	250.000,-
Oppussing av forsamlingsal	200.000,-
Nytt elektrisk anlegg	250.000,-
Oppussing av kjellar	110.000,-
SAMLA	870.000,-

STABBUR

Reparasjon tak og vegger 100.000,-

SNIKKARSAL

Reparasjon tak og vegger	130.000,-
Ombygging av 2. etasje til kontor og grupperom	100.000,-
Oppussing av produksjonslokala	90.000,-
Elektriske installasjonar	60.000,-
SAMLA	880.000,-

UTANDØRSANLEGG

Opparbeiding av parkeringsplass	600.000,-
Oppattbygging av terasseanlegg/grunnmur m m	240.000,-
Istandsetjing av pilgrimsvegen	40.000,-
Nyplanting	30.000,-
SAMLA	710.000,-

Lønnskostnader (60 mnd verk à 12.750,-) 765.000,-

INVESTERINGKOSTNAD LANGTIDSBUDSJETT 5.175.000,-

FINANSIERING

Kommunal eigenandel	2.210.000,-
Statleg støtte	1.500.000,-
Oppland fylkeskommune	700.000,-
Sysselsetjingsmiddel	765.000,-
SAMLA FINANSIERING	5.175.000,-


SAMLA INVESTERING HUNDORP, DALE-GUDBRANDS GARD 1993-1996 15.929.000,-

Tinghuset

FASADE mot Lillehammer



FASADE mot Laugen



Tinghuset

FASADE mot gardstunet



FASADE mot E-6

